

FRAMES

NET

Lørdag 27. oktober

- Nyheter
- Terrorkrigen
- Siste 48 timer
- Sport
- Fotball
- Rampelys
- VG-lista

Send MEG

Du har ikke tilgang til å vise denne siden

Det kan være at sikkerhetsinformasjonen du har angitt, ikke gir deg tilgang til denne katalogen eller siden.

Hvis du mener at du skulle kunne vise denne katalogen eller siden, kontakter du Web-området ved å bruke e-postadressen eller telefonnummeret som står på hjemmesiden home.sol.no.

Du kan klikke Søk for å søke etter informasjon på Internett.

HTTP-feil 403 - Forbudt
Internet Explorer

Forv[i/e]rrende

Eit essay om frames

Frames støttes av dei fleste nettlesarane i dag. Jamvel er det mange fordommar og hatopplevingar knytta til nett rammer.

Obligatorisk innlevering for Johannes Nag i faget *Ergonomi i digitale medier*
01.11.01

Frames er i dag eit mykje brukt verktøy på webben. Sider vert ofte ramma inn med navigasjonssystem eller ei overskrift. Kvifor er det så mykje misnæye? Kva er gode og kva er dårlege sider med frames? Jacob Nielsen skreiv allereie i mai 1996 om frames som nummer ein av dei ti største webdesign-feil. I dette essayet vil eg diskutera frames og kva som eigentleg er problemet!


Mange store verksemdar i Noreg bruker framleis frames; Innan IT-nyhende er Trygve Hegnar med bl.a. [Kapitaldata](#). Datafirma ivrige på frames er mellom anna [Evercom](#) og [Electric Farm](#). Av andre større firma er vårt eige [Statoil](#), [Kværner](#), [Norsk Hydro](#), og [Braathens](#) (flyselskapet ja....). Nokon har også kome i betre tankar og gått bort frå frames; Datamatrix, Software Innovation, Computerworld, Dagens Næringsliv, Digi, og fleire.

Frilans-konsulent Ulf Larsen meiner det berre er eit tidsspørsmål før du ikkje finn seriøse verksemdar med frames. Om du leiter blant amerikanske verksemdar er det allereie så godt som umogleg. Larsen meiner at den utstrakte bruken av frames i Noreg har samanheng med at svært mange websider ikkje blir testa av brukarane før dei blir lagt ut. Det er vel og ofte slik at webstadar vert laga av ein blanding av designarar og teknikarar - ingen av dei har fokus på strukturering av informasjon.

Frames-funksjonen i HTML er ein måte å få vist fleire sider i same vindauga på. Til dette treng ein eit framesetdokument, som er ei ramme med fleire vindauga, anten over kvarandre eller ved sida av kvarandre. Frames er det engelske ordet for rammer. Dessa kan til dømes skilja mellom ein meny som står permanent ved venstre marg, og eit område til

høgre som viser den valgte undersida. Framesetdokumentet er altså eit rammeverk som plasserer andre websider i rammer på skjermen.

Eksempel på inndeling i frames:



Problema ved bruk av frames er godt dekket av Jakob Nielsen i Useit – og han seier:

- Brukarane blir forvirra - dei klarer ikkje tolka skjermbildet, altså delingen.
- Problemer med utskrift, riktig del av rammesettet må velgast med musa før utskrift er tilgjengeleg.
- Vanskelig å laga bokmerke. Dette er endra i versjon 5 av Microsoft Internet Explorer - men det er enno mange som bruker tidlige versjonar eller Netscape.
- Vanskeleg å referera til enkeltsider utan å "hoppa ut" av rammesettet.
- Søkemaskinar som Altavista klarer ikkje å trengja forbi rammesettet. Det betyr at du anten må ha ein separat struktur utan rammer, eller gå glipp av å få indeksert sidene.

I 1995-96 var verkeleg frames mislukka, særskilt takka dårleg browser-teknologi. Slik er det ikkje lenger. No verker tilbake-knappen, utskrift er mogleggjort (sjølv om det enno kan gje overraskingar) og ein kan leggja undersider til blant favorittar (men då misser du rammeverket). At ein statisk frame tar opp mykje av skjermplassen kan ein endra ved å bruka iframes! (Kun IE 5.0) Om ein lagar eit framesetdokument for kvar side der du tek med gode metataggar vil søkemotorar finna fram, og både url og bokmerke fungera som det skal. Javascript kan og nyttast for å senda feildirigerte brukarar på rett plass. Om ein i tillegg tar i bruke NOFRAME-taggen og lagar alternative sider er alt vel!

Sjølv problemet er at INGEN tek alle førehandsreglane og no lista opp. Eg har ikkje vore innoom ei einaste side med frames som bruker alle metodane og skisserte. Difor får me desse problema som eg vil skissera nærare:

Søkemaskiner vert stogga: Dei vil grava seg inn i strukturen – så over tid vil dei fleste sidene ein har blir indeksert. Fleire sider som det er linkar til = fleire lesarar. Med frames, utan ein alternativ struktur, vil t.d. Altavista ha problemer med å finna sidene dine. Indekserte undersider vil ofte vera meningslause når dei t.d. manglar navigasjonsstruktur og forfattarskap.

Referera til enkeltsider: Ei side kan ha adressa <http://www.grafiker.no/notes/framed.html> – og ein lesar kan enkelt visa til ho med en link i en email. Med frames derimot hadde ein kun sett <http://www.grafiker.no> i adressefeltet til nettlesaren.

Problemer med bokmerke/favorittar: Gjer ein test – gå til ein webstad med frames – velg ei underside og lag eit bokmerke. Gå tilbake til startside, og bruk så bokmerket du laga for å gå attende. Kva skjer, jo – du kjem anten til sida, men har hoppa ut av rammesettet – eller til åpningssida.

Problem med utskrift: ”Det er feil med skrivaren” kan du få høyre, mens problemet var - frames.... - du må peika på ramma for å få skriva ut. I IE 5.0 kan du velja å skriva ut som vist på skjermen, alle rammene eller den som er markert.

Forvirrende for brukeren: Brukarar har problemer med frames, dei klarar ikkje tolka strukturen. At visse delar av sida kan scrollast mens resten er låst er eit nytt grensesnitt å læra seg. Kantar på rammer skaper også forvirring.

Plass på skjermen: Ein standard topp på alle sidene gjer at desse pixlane er låst/ubrukelege. Om det hadde vore same sida (eller iframes) kunne brukaren ha scrolla nedover og nytta heile skjermen. Fordi storleiken på skjermar er høgst varierende kan ein brukar med liten skjerm/låg oppløysing oppleve å få scrollefelt i kvar ramme...

Som eg nemnde går det an å unngå så godt som alle desse ulempene ved hjelp av triks og programmering. Problemet er altså at det ikkje blir gjort. Det er for komplisert og tidkrevande.

Eg har sjølv produsert sider med frames då dette var nytt. Fordelen alle proklamerte var oversiktlegheit, enkelt navigeringssystem og mindre tid til lastning av sider. Men med tida finn ein ut kva ulemper som heng med, og ikkje minst kor komplisert det blir om ein skal ta alle forbehold.

Bruk frames der det er mest tjenleg, ikkje om du kan gjera det same med andre teknologiar. Område der der frames framleis er ei god løysing er om du treng reklamebanner. Namezero brukar frames for å la deg leggja sidene på ein annan server medan domenenamnet blir ståande som url. Eit anna område er editor/validering; Eit godt døme er W3Schools der ein kan testa javascript live, med koden i ei rute og resultatet i neste.

I mange admin-system vil frames koma til nytte, gjerne på ein slik måte at ein kan dra ramma fram og tilbake og veksle mellom editerings- og visningsmodus. Klient- og serversideprogrammering har tatt webben med storm. Veldig mange nye webstadar kjem i dag med sider der ein kan redigera og oppdatera både sider og innhald.

I interaktive presentasjonar kan frames vera ok – sjå gjerne [CNETs side om frames](#). Dei skriv der at dei ikkje brukar frames på hovudsidenr, så dei kan linkast til, men dei brukar frames i presentasjon av ”Cool Tools”, ”process charts” og liknande.

Eg vil tru konklusjonen må bli som hos Jacob Nielsen; unngå frames så lenge som råd. Men eg vil presisera at det er betre med ei menyframe enn den totale mangel på menysystem som råder på Nielsen sine sider Useit.com

Det fins områder der ein bør nytta frames. Men om du har alternativ – gå utanom den vanskelege prosessen med å laga gode frames-system. Då er det betre at sidene er heil ved, dvs layout med tabell (mens ein venter på at CSS og XML vert tolka eins av MSIE, Netscape og Opera).

Kjelder:

www.useit.com/alertbox/990502.html

www.wolflarsen.com/nor/notes/frames.htm

www.tripnet.se/~slarti/p_frames.se.htm

194.18.34.215/artikelregister/InternetGuiden/ig97-09/frames.html

<http://www.stud.ntnu.no/~arstad/tutorials/html/index.php3?page=iv>

<http://home.online.no/~frnordbe/hjemhjelp/frames.html>